

Torpo s., Nip., Busk.

Torpo 22 - 12 - 1955.

Til

Universitetets Etnografiske Museum.
Frederiksgt. 2.
Oslo.

qvar. 22

I det eg visar til mi samtale med dr. Hagen den 30 - 11 - 55. sender eg her ei oppmading om å få ein arkeolog til å sjå på ei bustadhole i skogen ovanfor Opheim i Torpo.

Hola er 1,5 m. djup, og cirkelrund. Vollen rundt, målt etter högste ryggen, er 17. m. Ho er flat i botten som er 5. m. i diameter, men muren rundt er nok skuva innover ein del. Det er skog ned i botten og på högaste vollen rundt, og er elles dekt av myrmose.

Her er ikkje slåtteland på lang lei, myrlend steinmark med seinvoksten skog. Det er no rydda eit skogplantingsfelt på sydaustsida av hola. Näraste gardane, Haugen, er ikkje gamle. Bakken er vel gamlar, men den har ei elggrav ovanfor stova og ei mitt på jordet.

Eg sender med ei kartskisse av elggravene mellom Dyresmyro og Elsgröf. Elsgröf er einaste stad elgen kunna koma over den halve mila lange Liaråsen. Elggravene har eg berre tegna inn etter minnet. Eg har funne 52. og dertil nokre tvilsome. Det kan vera graver som er meir attrasa, men dei kan også ha kome på fjell der - slik at dei aldri har vore i bruk. Her er sikkert fleire graver, men serleg skogen som kallast Romengard, er ikkje god leite i, myrlendt og ulendt. Eg har heller ikkje gått så hart inn for dette, det er reinsdyrgraver i Hemsedalfjello som er min hobby.

Snöen ligg nok i hola til i mitten av Mai, så De må vente til etter den tid.

Med vyrdnad : Lars Bråtahagen.


Lars Bråtahagen.

Torpo.

Kartet er tegna etter
rekktangelkartet
«Hemsedal» i
1:10000, CEKv=30.

+ = Elggraver.
T = Trilsome.
◎ = Den hola.
○ = Gardar.
— = Bilveg.
--- = Stig.

Dyresmyraden



Torpo 18. Juni 1956.

Til Universitetets Etnografiske Museum.

Frederiksgt. 2.

Oslo.

Eg var innom kontoret og tala med dr. Hagen - om ei hola i skogen ovanfor Opheim i Torpo. Han bad meg sende det skriftleg. Det gjorde eg, men har ikkje fått svar. Ifall brevet kunna vera bortkome, - så sender eg nokon ord om hola att, men meir ufullstendigt no enn sist :

Hola er 1,5 m. djup. Rund, og berre 5. m. i diam. i botnen, truleg av di at muren har skuvast inn. Vollryggen rundt er 27. m. målt etter högste ryggen. Botnen i hola er flat, og skogvoksen med björk, gran og furu.

Hola ligg ved sida av to elg-gravrekker (48. graver) som går frå Dyresmyro til Elgsgröv. Og ho ligg berre 100. m. frå stöls-bilveg.

Med vyrdnad:

Lars Bråtahaugen.

Lars Bråtahaugen.
Torpo. Hallingdal.

besv 28
6/56